

Husnes og Holmedal ønskjer: Lite teneste i Uskedalen for ny sokneprest

03.11.2009



Sokneprest Sven Harald Nilsen held messe på Skorpo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bjørgvin bispedøme har foreslått å gjera om den ledige kapellanstillinga i Husnes og Holmedal sokn til sokneprest i Uskedalen sokn, med Husnes og Holmedal og Uskedalen sokn som tenestested.

Husnes og Holmedal sokn skal handsame saka på soknemøte etter gudstenesta sundag 15. november og soknerådet har no kome med eit forslag til fråsegn frå dette møtet. Det signaliserar ein viss skepsis overfor den foreslalte, nye organiseringa.I Uskedalen skal saka handsamast på soknemøte 22. november.

Det heiter i forslaget frå soknerådet i Husnes og Holmedal at sidan alle dei andre kapellanstillingane i Sunnhordland prosti har vorte soknepreststillingar ser Husnes og Holmedal sokn det som tenleg, særskilt på å rekruttera til den stillinga, at også kapellanstillinga i deira sokn vert gjort om til soknepreststilling.

Men det må vera ein føresetnad for endringa at presten framleis skal ha det aller meste av sitt arbeid i Husnes og Holmedal sokn og at stillinga ikkje vert tillagt så mange nye oppgåver at det går ut over viktige oppgåver knytta til dåpsopplæring, samarbeid med skule og barnehage og ungdomsarbeid.

Difor må dei stillingane som i dag har Uskedalen som tenestested framleis ha ansvar for dei fleste tenestene der som til dømes gravferd og vigslar, medan presten som sit i soknerådet kan ha nokre gudstenester i Uskedalen.

Det heiter også i forslaget for soknemøtet at det støttar at prestebustaden framleis skal vera på Valen og forutset at presten framleis har sitt kontorfellesskap saman med dei tilsette i Husnes og Holmedal sokn.

Det er stilt spørsmål til uskedalen.no om forslaget til omorganisering eigentleg betyr ei overføring av Uskedalen til Husnes prestegjeld. Til det får vi opplyst at den gamle prestegjeld-ordninga ikkje gjeld lenger.

Av Ola Matti Mathisen